



Aktive og instruktører samla på Seljestad.

Denne helga har det vore skisamling på Seljestad med deltaking av 12 løparar og instruktører frå Uskedalen og leiar Ole Vidar Monsen har denne rapporten:

Ei svært innbydande hytte med mykje god mat var det første som møtte skirekruddane og lagleiarane då vi kom opp på Seljestad fredagskvelden.

Men det var først og framst i løypa vi skulle boltra oss denne helga. Vi starta lørdagen med ei teknikkøkt i skøyting som hadde ein varighet på ca 2 timar.

Samanhengande snøver heile dagen gjorde att det var relativt tungt å gjennomføre treningane. Økt nummer to denne dagen skulle gjennomførast som intervall og klassisk som stilart. Då begge øktene var ferdige og kvelden gjorde sitt inntog var det mykje slitne ansikt å sjå, men det var då all denne gode maten kom til sin rett.

Sundag var det stafett på programmet. Kong Vinter viste seg frå sin friskaste side denne dagen, men rekruddane var endå friskare og gjennomførte stafetten i særdeles fin stil. I alt stilte det 30 på samlinga.

Skiløparane frå Uskedalen var:

Solveig Haugland, VeslemøyHaugland, Ingvild Myklebust, Sunniva Myklebust, Kari Bråtun, Ingebjørg Haugland, Viljar Simmones Tveit, Martin Hjelmeland Arnesen, Åsne Hjelmeland Arnesen.

Instruktører frå Uskedalen var:

Ole Vidar Monsen, Cathrine Haugland, Steinar Haugland.



Aktive og instruktører hadde ei utbytterik helg på Seljestad.